



Rosendal Turnlag - fotballgruppa
Postboks 30, 5486 Rosendal

Bruk av banar

Dato:

22.04.05

Sign.:

OIE/KOU

Nr.

RT-P10

Formål:

Denne rutinen skal regulere bruken av banane og beskriva kva for prioriteringar som skal gjerast.

Prioritering:

Det er styret i fotballgruppa som bestemmer kven som får bruka gras banen.

Kvinnherad Kommune tildeler tid på grasbanen, men det er bare når det er spørsmål om banen er open at Kvinnherad Kommune kan kontaktast. Er ikkje laget tildelt tid på banen kan bare styret i fotballgruppa kontaktast for å få bruka grasbanen.

Bruk:

Det er eit mål at alle lag skal få spela kampar og trenar på grasbanen.

Når ein ikkje har opna grasbanen for maksimum bruk, 18 trenings timar pr. veke, prioriterer styret i fotballgruppa bruken.

Generelt er det prioritert slik at senior laga har fyrste prioritet til både trening og kamp, men det skal prioriterast å få gjennomført kampar før trening til senior lag.

For aldersbestemte lag skal kampar prioriterast framfor trening.

Trening / kamp kollisjon

Skal det spelast kamp som går ut over treningstida til andre lag skal desse laga kontaktast i god tid.

Laga skal prøva å få til ein så smidig som mulig bruk.

Eit lag kan ikkje bare komma til kamp og forlange å få bruka grasbanen dersom eit anna lag har treningstid der. I dette tilfelle kan laget som trenar på gras nekta å flytta og kampen skal gjennomførast på grus.

Skjer dette når grusbanen ikkje er god nok til å gjennomføra kampen skal kampen gjennomførast på gras og trening må avsluttast eller flyttast.

Dette må rapporterast tilbake til styret.

også vår bank er



Aktiv idrett i meir enn 100 år